

og Fiskarlagets Servicekontor AS, avd. Vest

Bergen, 02.05.17

Vår ref. 369 /17/BSI/5.7.1.3

Dykkar ref. 2017//2014

Fylkesmannen i Hordaland

E-mail
fmhpostmottak@fmho.no

HORDALAND, LINDÅSOSANE, KROSSFJORDEN OG YTRE HARDANGERFJORD - MARINT VERN, VERNEFRAMLEGG.

Viser til Dykkar brev av 21.02.17, med vedlegg, samt til vår tidlegare uttale vedkomande ovannemnde sak.

Fiskarane er avhengig av intakte gyte-, oppvekst- og fiskeområde og eit reint fjord- og havmiljø,. Reine sjøområde er òg avgjerande for kvalitet, mattryggleik, omdøme og marknadsvardi for norsk sjømat.

Kystsona står i ei særstilling. Det er her me har våre viktigaste gyteområde, oppvekstområde og fleire av våre viktigaste fiskeri. Om ein forvaltar våre marine økosystem på ei god måte, vil denne fornybare matproduksjonen kunne føregå i eit «evigheitsperspektiv». Me forventar at marin verneplan vil bidra til å ivareta desse verdiane.

På dette grunnlaget er me i utgangspunktet positivt innstilt til marin verneplan. Forutsetninga er at marin verneplan blir gjennomført i samsvar med dei føringane ein tidlegare har blitt einige om, m.a. gjennom arbeidet til «Rådgivende utvalg for marin verneplan» og Stortingsmelding nr. 43 (1998-99) om Vern og bruk i kystsonen.

Me minner om at det i Stortingsmelding 43 m.a. blei slått fast at: *«Generelt vil etablering av verneområde føre til få konsekvensar for eksisterande næringsverksemd, fordi det vanlegvis ikkje*

vil verte oppretta verneområde der pågåande aktivitet ikkje kan halde fram... Regjeringa viser til at ein alltid skal gjere ei nøye vurdering av kva for verkemiddel som er best eigna for å sikre dei aktuelle naturverdiane, og ein skal til ei kvar tid bruke det verkemiddel som er best tilpassa formålet med eit eventuelt vern. Naturvernlova skal nyttast i eit avgrensa omfang på areal med nasjonale verneverdiar". «Rådgivende utvalg for marin verneplan» har i tillegg konkludert med at: "Referanseområdene skal generelt være for forskning og overvåking, og tjene som grunnlag for å sammenligne status og utvikling i påvirkede områder med status og utvikling i områder med ingen eller liten påvirkning".

Etter vår oppfatning må ein på dette grunnlaget vere varsom med å krevje totalforbod mot verksemd, som ikkje vil koma i konflikt med verneføremålet. Ikkje minst gjeld dette tilhøvet til låssetting (mellomlagring av levande notfanga vill fisk, først og fremst sei, sild, brisling og makrell). Dette er viktig tradisjonell fiskeriverksemd, som har føregått i lang tid uten å føre til problem. Her er det snakk om mellomlagring av relativt små kvanta fisk i korte periodar einskilde år. Verken notfiske eller stengsetting berører botn, fisken blir ikkje fôra og det blir sjølv sagt ikkje nytta legemidlar og/eller kjemikaliar. Låssetting/mellomlagring av levande vill fisk vil derfor *ikkje* gå ut over verneføremålet, og må kunne gjevast generell dispensasjonsadgong på line med anna fiske som blir utført i samsvar med havressurslova sine bestemmelsar.

Når det gjeld bruk av rekestrålfelta står det at ein kan søkja om dispensasjon for Krossfjorden. Me krev at det må gjevast generell dispensasjon til bruk av rekestrålfelta i verneområda, inklusiv i Krossfjorden. Ein vil igjen presisera at bruk av området som oftast er det beste vern. Forskingsinstansane kan, om ein vil, søkja/be om å vere med fiskarane under fangsting. Ein vil gjere merksam på at fiskarane allereie har hatt forskarar med seg på ulike felt, og einskilde fiskarar leverer inn data frå nærast alle trålhala sine. Dei har eit godt samarbeid både med Havforskningsinstituttet og IRIS. Det kan nemnast at ein er blitt gjort merksam på at rekestrålfeltet ved Marsteinen er feil teikna inn i høve bruken av feltet. Vedlagt følgjer kart som viser bruken av området.

Dei aktuelle marine verneområda vil bli oppretta med heimel i naturmangfoldlova § 39, med miljøvernstyresmaktene som forvaltingsstyremakt.

I den føreslegne verneforskrifta (§ 4 - generelle unntak, står det at: «*Vernebestemmelsene i § 3 er ikkje til hinder for hausting av viltlevende marine ressurser i samsvar med havressurslova og anna gjeldande lovverk...*». Dette har vore ei forutsetning gjennom heile prosessen med marin verneplan, og den nye havressursloven er utforma for å ta nødvendig omsyn til marint vern. Korleis naturmangfoldlova og havressurslova best kan verka saman er enno ikkje fullt ut avklara. Me forventar at dette vil skje gjennom den pågåande prosessen med marin verneplan.

Til slutt vil ein presisera at det òg i framtida må vere rom for berekraftig utnytting av eksisterande, og nye, ressurser i området. Ein viser òg til registrerte fiskeriinteresser på Fiskeridirektoratet si nettside.

I tillegg må dei som lever og bur langs kysten kunne utnytte, og utvikle områda, der, t.d. naust, kaiar o.l. i fiskerisamanheng. Folk skal tross alt bu, leva og brødfø seg i område.



Med helsing
Fiskarlaget Vest

Britt Sæle Instebø

Kopi; Norges Fiskarlag
Lokallaga
Fiskeridirektoratet
Miljøverndirektoratet
Fiskeridirektoratet region Vest
Hordaland Fylkeskommune
Austevoll kommune
Sund kommune
Bergen kommune
Os kommune
Lindås kommune
Radøy kommune
Austrheim kommune
Kvinnherad kommune
Tysnes kommune
Stord kommune